

Olsok ved Flatholmen.



Olsok-bål på skjeret ved Flatholmen.

Det er kjekt når gamle tradisjonar vert haldne i hevd. I går var det olsok, som var den viktigaste norske kyrkjefesten i mellomalderen. Olsok vert feira for å minna om Olav den heilage sin dødsdag. Her i bygdene har olsok vorte feira om lag som jonsok, med bålbreining. Derfor var det kjekt å sjå olsokbålet på skjeret ved Flatholmen i år, skriv Kjell Yri til oss i ei melding.

Sjølv om olsokbåla er sjeldnare rundt om på gardane og nesa her i bygda, er det framleis store olsokfeiringar andre stader i landet. I Sarpsborg har dei rike tradisjonar, og under den årlege festivalen, Olsokdagane på Stiklestad, er Spelet om Heilag Olav sentralt i programmet.

Sidan 1930 har olsok vore offesiell flaggdag i Norge.

Olsokdagen var også ein viktig merkedag for veret og kornhausten. I Hordaland venta ein eit skifte i veret etter olsok. Dei meinte at våt olsok varsla våt haust, medan fin olsok varsla godt haustver. Kvelden var i alle fall fin i går. Eg sat på terrassen og la merke til røyken som steig frå bålet på skjeret ved Flatholmen. Då skulle det vel vera håp om ein fin haust?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjell Yri